



Høyringsinnspel – 4-årig tilbudsstruktur for vidaregåande skoler i Agder skoleåret 2025/2026-2027/2028

Setesdal vidaregåande skule (SEVS) er ein skule med ei organisering som avvik frå dei fleste andre skulane på Agder. Skulen har tre avdelingar som ligg med 150 km frå den sørlegaste avdelinga på Hornnes og med den nordlegaste avdelinga på Hovden. Omtrent midt mellom ligg avdeling Valle. Den lange avstanden gjer at vi må sjå studiespesialiserande på Hovden og Hornnes kvar for seg. Digital undervisning på tvers av avdelingene med elevar frå Hovden og Hornnes samtidig er ikkje mogleg pga busstransport på Hornnes, og behovet for treningstider morgon og ettermiddag/kveld for elevane på Hovden.

SEVS ønsker å oppretthalde det tilbodet som er i dag, og har følgjande innspel til høyringsdokumentet:

Avdeling Hovden: Det er foreslått å oppretthalde det tilbudet vi har i dag, og det er fornuftig.

Avdeling Valle: Vg3 i Valle går over to år for elevane. Det har blitt tildelt 0,25 klasseressurs for kvart av dei to åra. Altså totalt 0,5 klasseressurs for Vg3. I dei seinare åra har vi sett at elevane arbeider mindre sjølvstendig og treng tettare oppfølging. I tillegg har vi sett eit auka behov for tilretteleggingar. Sikkerheiten er også viktig i ein verkstad, og det bør av den grunn ikkje leggjast opp til at elevane skal arbeide utan tilsyn. Dette krev meir lærarkompetanse inn i klassen. Vi meiner at Vg3 i Valle, som inneverande skuleår har 16 elevar, må få tildelt 0,5 klasseressurs per år. Det medfører totalt 1 klasseressurs på Vg3.

Avdeling Hornnes: Med unntak av studiespesialiserande ser vi på forslaget i høyringsdokumentet som fornuftig. Studiespesialiserande er foreslått redusert frå 2 til 1 klasse på både vg2 og Vg3. Dette kan få store konsekvensar for tilbudet av programfag på skulen. Det kan vere vi må tilby ei sterkt redusert programfagsvifte. Dette vil igjen kunne føre til auka press på skulane i Kristiansandsregionen, fordi elevane ikkje kan få ønska programfag på SEVS. Vi skjønner at pengar skal sparast, men ungdom på heile Agder må ha tilnærma lik moglegheit til å velge blant fleire programfag. Husk at heile Agder skal tas i bruk, og da må det vere like moglegheiter for ungdom på bygda som i byen.

SEVS har veldig høg gjennomføringsgrad, og dei tilsette gjer ein svært god jobb. Setesdalskommunar har høg «drop-out» blant ungdom, men det er blant dei ungdommane som ikkje gjeng på SEVS. Vi må derfor kunne gje ungdom i Setesdalregionen eit godt tilbod så dei tek vidaregåande skule i Setesdal og dermed aukar sjansen for å fullføre.

Med helsing Setesdal vidaregåande skule

Andreas Engebretsen, Utdanningsforbundet

Åse Marie Karlsen, Lektorlaget

Sigrid Kallhovd, Fagforbundet

Jens Petter Røed, rektor

